Klatremiljø på linje med Romsdalen og Lyngen? 30.06.2009



Slik blir klatreveggen i Uskedalen.

Drømmen er at klatreveggen som nå skal opp i Aktivitetshuset vil bli eit viktig element i klatremiljøet i Uskedalen og at dette etterkvart kan få ein like høg status som Romsdalen og Lyngen.

Det gjer styreleiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit klart når han no leier monteringa av veggen som blir flytta frå Seimsfoss.
Ulvanåso er i alle fall eit klatrefjell som det ikkje er maken til i denne delen av landet.

Bjørn Olav Tveit og Endre Myklebust er to av dei fem ssom hitil har gjort ein stor dugnadsinnsats med veggen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

uskedalen.no har fått fleire telefonar frå klatremiljøet i Bergen med spørsmål om når klatreveggen vil vera på plass.

Veggen kjem mellom dei to dørane inn til garderobane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Veggen er no teke heilt ned i Seglem skule og jobben tok tre dagar for ein dugnadsgjeng med fire-fem mann på det meste. Sist onsdag var veggen nede og då starta gjengen omgåande arbeidet med å få på plass reisverket i Aktivitetshuset.

Veggen blir der vel åtte meter brei og 7,64 høg og plasserast mellom dei to garderobedørane. Det er ikkje sett opp nokon klar tidsplan for monteringa, men veggen skal vera klar for klatring når det nye skuleåret startar.

- Veggen får seks-sju parallelle rutar av varierande vanskegrad og blir eit godt tilbod både for nybegynnarar og meir avanserte klatrarar. Men veggen vil også by på andre kombinasjonar, seier Tveit.

Han gjer det klårt at veggen slik den kjem på plass i Uskedalen vil bli ein heilt annen vegg enn på Seimsfoss.

- Veggen vil bli vidareutvikla og mykje meir spanande enn i sitt tidlegare liv, seier han.

Når denne veka er til ende skal reisverket vera klårt for montering av veggen og denne delen av jobben reknar Tveit med skal ta ei veke hvis dugnadsgjengen står på. Så skal veggen målast med ei spesialmåling som gjev ei ru overflate og dermed blir ideell for klatring.
- Deretter skal vi skrue opp rutene. Det betyr at dei mange klatretaka i veggen skal på plass.
Det er heller ingen liten jobb og eg er svært interessert i at fleire meldar seg for dugnadsinnsats enn dei fire-fem som har vore i aktivitet til no, seier Bjørn Olav Tveit.
Han minnar om telefonnummeret sitt: **472 36187**

- Kva så med økonomien i prosjektet?
- Vi overtok veggen gratis og eg regnar med at vi kan fullføra han for 20.000 kroner. Det er ein sum som Aktivitetshusets Damevenner har lova å dekka.
Dei er heilt einestående - utan dei hadde det ikkje vore mogeleg å få til mykje i samband med Aktivitetshuset.

Av Ola Matti Mathisen